



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Uttale - søknad om bygging av landbruksveg - Alver - 143/1 - Håland

Vi har ingen kommentarar til sjølve utvidinga av vegen, men vi minner om at dekningsområdet til vegen dels ligg innanfor grensene til Fossavatna naturreservat.

Når skogen skal takast ut må det ikkje gjerast inngrep som påverkar verneområdet (i form av avrenning eller annan påverknad) utan at dette er avklart med vernemynde. Dette gjeld både tiltak inne i reservatet og i nærområde til reservatet jf § 49 i Naturmangfaldlova.

Det er med dette ikkje sagt at det ikkje skal takast ut skog i/ nær verneområdet, men evt uttak, og metodikk som nyttast må altså avklarast på førehand med vernemynde, som er Statsforvaltaren i Vestland.

Verneforskrifta for naturreservatet kap V punkt 5 opnar for «hogst og uttak av eksisterande furuplanting i tida 1. november – 1. mars». Vi vurderer det som naturleg å inkludera tilsvarande praksis for granplantefelt, men då med vilkår om at det ikkje kan plantast til innafør naturreservatet etter hogst jf verneforskrifta kap V.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*